

Sesongopning for jegerane

24.04.2014

Minn også uskedalsjegerane om at det det snart er sesongopning,seier Lars L. Øyjord til uskedalen.no

Og opninga er Hålandshjorten 2014 søndag med opplegg som tidlegare år. Denne dysten er 30 skots jaktfelt på 5 hald og den finn stad i Muradalen.

Den finn stad på dyrefigurar i ulike stillingar på avstandar mellom 35 og 150 meter.

Påmeldinga skjer ved Skjeneflonen mellom klokka 11 og 13. Det er premiering til beste tremannslag og dei tre beste skyttarane.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen